

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 17.01.2020
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Hilde Rudlang
SAKA GJELD: **Revidering regional plan habilitering og rehabilitering**

ARKIVSAK: 2020/81
STYRESAK: **008/20**

STYREMØTE: **05.02. 2020**

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Bakgrunn/fakta

Styret i Helse Vest RHF vedtok i november 2015 i sak 101/15 Regional plan for habilitering og rehabilitering. Planperioden er frå og med 2016 til og med 2020.

Styret bad i møtet i desember 2019 (sak 138/19) om ei sak/notat som oppsummerer status i arbeidet med oppfølging av tiltaka i plan for rehabilitering og habilitering, samt tilbakemelding om når planen er tenkt revidert eller ny plan blir utarbeidd.

Eksisterande regional plan

Den føreliggande planen er relativt omfattande og grundig. Planen inneheld ei rekkje forbetringstiltak som skal bidra til å nå dei følgjande hovudmåla for spesialisert habilitering og rehabilitering i Helse Vest:

- Tenesteytarane koordinerer seg om behova til pasienten slik at han/ho opplever tenestene som samanhengande.
- Pasienten sine eigne mål for meistring, eigenomsorg og deltaking pregar møtet med helsetenesta.
- Det er tydeleg plassering av ansvar og oppgåver innanfor eigne tenester.
- Standardiserte, kunnskapsbaserte pasientforløp er utvikla.
- Forsking og kunnskapsutvikling er styrka.
- Kapasiteten og kompetansen i tenestene møter behova for habilitering og rehabilitering og legg til rette for fagutvikling og forbetningsarbeid.
- Datakvaliteten er betra og ein har samanliknbare styringsdata som grunnlag for utvikling og forbetring av tenestene.

Utarbeidinga av planen involverte ei lang rekkje aktørar: alle helseføretaka, med kompetanse frå rehabilitering, barne- og ungdomshabilitering og vaksnehabilitering, representantar frå private ideelle institusjonar, private rehabiliteringsinstitusjonar, representantar frå fleire kommunar, praksiskonsulent, Regionalt brukarutval og Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering. Arbeidet blei delt opp i ulike arbeidsgrupper som leverte tilrådingar på ulike delar av mandatet.

Eit planutkast blei sendt på høyring til kommunane i regionen, helseføretaka, dei private ideelle sjukehusa, dei private rehabiliteringsinstitusjonane med avtale med Helse Vest og Regionalt brukarutval. Høyringssvara blei lagt fram for styret saman med planforslaget.

Den vedtekne planen er tilgjengeleg frå nettsida til Helse Vest: <https://helse-vest.no/vart-oppdrag/vare-hovudoppgaver/behandling/habilitering-og-rehabilitering#regional-plan>

Samla oppsummering av status for oppfølging av planen

Helseføretaka har rapportert på oppfølging av prioriterte tiltak undervegs i planperioden, og ein overordna årleg statusoversikt følgjer av styresak 58/19 i mai 2019.

I samband med at planperioden går ut i 2020, er det behov for å gjere ei samla oppsummering av status for oppfølging av tiltaka i planen. Oppsummeringa må gjerast i samarbeid med helseføretaka, og vil kunne danne grunnlag for ei revidering av planen.

Forslag til framgangsmåte for revidering av planen

Det blir foreslått å gjennomføre ein mindre omfattande prosess for revidering av planen i 2020. Utgreiingane i den eksisterande planen kan i stor grad framleis liggje til grunn, men det er behov for å gjere ein systematisk gjennomgang av alle tiltaka i planen. Gjennomgangen må ta omsyn til nasjonale føringar og oppdrag som har kome til i løpet av planperioden.

Det blir foreslått å gjere følgjande samla gjennomgang:

- summere opp kva for tiltak som er fullført
- kartlegge kva for tiltak som er under arbeid og status for arbeidet
- gjere ei vurdering av dei tiltaka som står att, og lage ei prioriteringsrekkefølge på desse
- gjere ei vurdering av kva for tiltak som kan takast ut, på bakgrunn av nye/endra forhold
- gjere ei vurdering av nye tiltak som bør takast inn, på bakgrunn av nye/endra forhold

Gjennomgangen vil bli gjort i samarbeid med helseføretaka:

- Drøfte framgangsmåten i det regionale fagdirektørmøtet
- Invitere helseføretaka/private ideelle sjukehus ved leiarar for rehabiliteringseiningar, einingar for habilitering for barn, unge og vaksne

Informere og invitere til å gi innspel gjennom fast møtepunkt med:

- Regionalt brukarutval
- KTV/KHVO
- Private rehabiliteringsinstitusjonar med avtale med Helse Vest

Tidsaspekt:

- Gjere gjennomgangen hausten 2020
- Leggje fram ei sak for styret i Helse Vest innan utgangen av 2020 med resultatet av statusgjennomgangen og forslag til ein oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering

Parallelt med denne gjennomgangen vil helseføretaka arbeide med revidering av utviklingsplanane sine. Habilitering og rehabilitering er eit område som må inngå i denne samanhengen. Helseføretaka inviterer samarbeidspartnarar i kommunane i samband med utviklingsplanane.

Konklusjon

Planperioden for regional plan for habilitering og rehabilitering går ut 2020. Administrerande direktør vil derfor i løpet av året gjere ein samla gjennomgang av tiltaka i planen i samarbeid med helseføretaka. Gjennomgangen vil danne grunnlaget for ein oppdatert regional plan, som i hovudsak byggjer på utgreiingane i den eksisterande planen. Det blir på denne måten lagt opp til ein meir avgrensa prosess i 2020, basert på det omfattande planarbeidet som blei gjennomført i 2015.

Statusgjennomgangen og forslag til ein oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering vil bli lagt fram for styret i Helse Vest innan utgangen av 2020.